

Toten dialekt- og mållag viser til høyringsframlegget om endringar i stadnamnlova.

Formålet med stadnamnlova er «å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne», slik det m.a. står i §1 fyrste ledd.

Kulturdepartementet kjem her med framlegg om å endre § 3 andre ledd i stadnamnlova. Endringa inneber at kommunar og fylkeskommunar vil få større fridom til å velja eit stadnamn som kan fortrenge eit anna stadnamn som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Dette vil kunne føre til at språklege kulturminne forsvinn; og stadnamnlova blir dermed svekt. Departementet innrømmer langt på veg dette, og for å bøte på problemet, skal namnekonsulentane, før det blir gjort vedtak, «gi tilråding om skrivemåte, namneskikk og namnsetjing» slik det nå er foreslått at det m.a. skal stå i § 6 fyrste ledd.

I Toten dialekt- og mållag veit vi at det er så ymse med den stadnamnfaglege kompetansen i kommunane. Dermed blir det gjerne til at dei som er mest høgrøsta, får viljen sin. Vi veit at dei råda som stadnamnkonsulentane så langt har kome med, slettes ikkje alltid har vorte lytta til. Og vi tvilar på at dei råda som stadnamnkonsulentane vil kome med etter ei eventuell lovendring, kjem til å bli lagt meir vekt på av vedtaksorganet. Dermed fryktar vi at det kan bli enda meir krangling om stadnamn.

Toten dialekt- og mållag går imot framlegget til endringar i stadnamnlova som Kulturdepartementet her har lagt fram. Den kulturarven som stadnamna våre representerer, treng å vernast gjennom eit solid lovverk.

Østre Toten, januar 2018
for Toten dialekt- og mållag
Jorunn Aarsby